



# DEN NORSKE KIRKE

## Kyrkjebø sokneråd

Marcus Thranaes gate 3  
6993 Høyanger  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 30.05.23.

### Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd

Møtedato: 25.05.23.  
Møtetid: kl. 19.00.  
Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

#### Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Ellinor Henjesand Austreim og Andreas Ester. Anna Sofia Høvik møtte ikkje.

#### Kopi av møteboka går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, Ali Kharrat, Heike Muller, Stig Jonny Fitje, postmottak Høyanger kommune.

#### Sakliste

##### **Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

##### **Godkjenning av referat fra møtet 09.03.23.**

Det var ingen merknad til referat fra møtet 09.03.23.

##### **Sidan sist.**

Sidan sist har det vore avvikla fasteaksjon i soknet, dugnad på Kyrkjebø kyrkjegard, påske i kyrkja, bispevigslig i Bjørgvin bispedøme, dåpsgudsteneste og 17. mai gudsteneste i kyrkja.

##### **Postlista.**

Leiar i soknerådet gjekk gjennom postlista saman med soknerådsmedlemmane.

##### **Soknepresten har ordet.**

Soknepresten tala om kyrkjeloge hendingar som skulle gå føre seg i pinsehelga og tekst frå Johannes evangeliet knytta til dette; konfirmasjon i Vadheim på pinseafta og friluftsgudsteneste i Måren 2. pinsedag.

#### Meldingssaker:

##### **230006: Kyrkjelogs organisering.**

27.03.23. fann det stad eit digitalt samrådingsmøte om kyrkjelogs organisering. I dette deltok leiar i Kyrkjebø sokneråd og Sissel Sørebø. Møtet gjorde greie for uklare faktorar og stoda pr. d.d. Det er langt fram til prosessen om ny kyrkjelogs organisering er ferdig.

##### **230007: Årshjulet.**

Leiar oppdaterte årshjulet saman med soknerådsmedlemmane.

##### **230008: Fasteaksjonen.**

Leiar i soknerådet gjekk gjennom økonomisk inntekt frå Fasteaksjon 2023 saman med soknerådsmedlemmane. I år har Høyanger samla inn kr 40 643,-.

- 230009:** **Samrådingsmøte med prosten.**  
04.05.23. fann det stad eit samrådingsmøte med prosten.
- 230010:** **Dåpssakristiet.**  
Ole Myrhol har teke oppgåva med å lage bord/stellebord i dåpssakristiet.
- 230011:** **Alternativ gravlegging.**  
Kyrkjeverja i Sunnfjord har kome med forslag om å betre kunne leggje til rette for alternativ gravlegging; kremering. Denne saka skal det arbeidast meir med for sokna i Sogn og Sunnfjord.
- 230012:** **Budsjettrevisjon for fellesrådet.**  
HKF hadde pr. mai -23 underskot i budsjettet. Det må derfor gjerast budsjettrevisjon for HKF innan møtet i juni. Soknerådet sitt innspel til HKF er at prioriteringslista for vedlikehald, utarbeidd i -20/-21står ved lag. Elles må alle postar i HKF sitt budsjett (unnateke dei tilsette sine stillingar) vurderast, og oppfølgingsrutinane i høve kommunen forbetrast.

**Vedtakssaker:**

**Sak 0011/23: Overtrekk til pianoet i Kyrkjebø kyrkje.**

Vedtak: *Kyrkjebø sokneråd kjøper trekk til pianoet i kyrkja til ein pris av ca. kr 5000,- + mva. Kostnaden vert dekka av soknerådet sine eigner midlar.*

**Sak 0012/23: Trea på Kyrkjebø gravplass – felling og/eller nedkutt.**

Vedtak: *Soknerådet ynskjer å få utført arbeidet skissert i plan og overslag frå Høyanger kommune. Kostnaden dekker soknerådet i fyrste omgang av eigne midlar og ved dognadsinnsats. Søknaden om at tiltaket vert lagt inn i HKF sin vedlikehaldsplan, og at kostnaden seinare vert refundert Kyrkjebø sokn vert å sende snarast.*

**Sak 0013/23: Dugnad på Vadheim gravplass – dato og organisering.**

Vedtak: *Det vert dugnad på Vadheim gravplass i nær framtid. Ansvarsfordeling vert fastsett i møtet.*

**Sak 0014/23: Innhalde i gudstenestene.**

Vedtak: *Soknerådet oppmodar dei kyrkjelege tilsette, med særleg ansvar for gudstenestene, til å vere tidlegare ute med sine planar, idear og framlegg til innhald i gudstenestene. Dette vil gjere soknerådet sitt arbeid for auka engasjement og medverknad frå soknet lettare.*

**Sak 0015/23: Gudstenesteplanen.**

Vedtak: *Soknepresten sitt framlegg til gudstenesteplan vart drøfta. Endringsframlegga som kom vart innarbeidde, og planen vart deretter vedteken.*

For Kyrkjebø sokneråd

Ellinor Henjesand Austreim  
Sekretær